Referat

Til stades	Maria Høgetveit Berg - leiar, Mari Skeie Ljones – nestleiar Nils Øyvind Bergset - nestleiar, Sigurd Johan Heide (på skype), Aslak O Brimi, Tor Stallvik, Åshild Vetrhus, , Helene Bolstad - 2.vara,
Frå adm.:	Linda Dyrnes – dagleg leiar (fram til kl.12), og Eivind Kaasin - tillitsvald
Tid:	25.november kl.9-16,
Stad:	Schous.

Sakliste

Styresak 2011/51 Innkalling og sakliste

Styresak 2011/52 Orienterings- og referatsaker

Styresak 2011/53 Økonomi- og driftsrapport

Styresak 2011/54 Val av arrangørar av Landskappleik og Landsfestival 2013 og 2014.

Styresak 2011/55 Budsjett 2012

Styresak 2011/56 Framlegg til kandidatar til Lindemannpris

Styresak 2011/57 Møteplan 2012

Styresak 2011/58 Oppsummering av seminar 24.september og vidare arbeid

Styresak 2011/59 Årsmøte 2012 – seminar og saker

Styresak 2011/60 Prosess for utnemning av heidersmedlem

Styresak 2011/61 Status kring Riksscenen.

Styresak 2011/62 Eventuelt

Styresak 2011/51 Innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjend.

Styresak 2011/52 Orienterings- og referatsaker

Vedlegg: Orienteringar til styret

vedtak: *Orienterings- og drøftingssakene vart teke til orientering.*

- *Nils Øyvind Bergset orienterte om møte med RFF og NU om endring i studieplanar for dansestudiet ved RFF. Diskusjon kring dette.*
- *Nils Øyvind Bergset orienterte om Representantskapsmøtet i RFF.*
- *Storfraksjonen i familie- og kulturkomiteen ønskjer møte med oss i januar/februar. Dagleg leiar kjem fram til nokre alternativ til datoar med AU, som vi legg fram for dei.*
- *Grafisk profil: administrasjonen involverar AU når vi har fått respons frå aktuelle firma. AU drøftar på kva måte styret kan involverast.*

Styresak 2011/53 Økonomi- og driftsrapport

Vedlegg: Økonomirapport per 30.09.2011, per 31.10.2011, driftsrapport per oktober/november.

Vedtak: *Økonomi- og driftsrapport vart teke til orientering.*

Styresak 2011/54 Landskappleik og Landsfestival 2013 og 2014.

Vedlegg: Saksnotat 2011/54-1 Landsfestival 2013, Saksnotat 2011/54-2 Landskappleik og Landsfestival 2014 – orientering.,

Vedtak:

1. *Hedmark Folkemusikklag vert arrangørar av Landsfestivalen 2013.*
2. *FolkOrg er interesserte i å gå vidare med Steinkjer som arrangør av Landsfestivalen 2014.*
3. *Administrasjonen arbeider vidare for å finne arrangør av Landskappleiken 2014.*

Styresak 2011/55 Budsjett 2012

Vedlegg: Framlegg til revidert budsjett 2012

Vedtak:

Framlegg til budsjett for 2012 vert teke til orientering.

Følgjande punkt skal vurderast nærmare:

- *Administrasjonen skal kome med ei vurdering av flytting til nye kontor.*
- *Administrasjonen kjem med ei vurdering av kor mykje ressursar det vil ta å få til ei sponsoravtale, og kva for erfaringar som gjort tidlegare på dette feltet.*

Styresak 2011/56 Framlegg til kandidatar til Lindemannpris

Vedlegg: Informasjon om prisen frå nettsidene til Lindemannslegatet.

Vedtak:

Administrasjonen set opp ei liste med kandidatar til Lindemannsprisen, ut i frå drøftinga i styremøtet.

Styresak 2011/57 Møteplan 2012 fyrste halvår

Til orientering er frist for utsending av sakspapir til årsmøte 30.mars

Vedtak:

- *26.januar*
- *15.mars og 16.mars.*
- *31.mai – reservert i høve val av nytt styre.*

Styresak 2011/58 Oppsummering av seminar 24.november og vidare arbeid

Vedlegg: Program for seminar

Vedtak:

Administrasjonen skriv ei oppsummering av seminaret og innspela som kom, til neste styremøte.

Styresak 2011/59 Årsmøte 2012 – seminar og saker

Vedlegg: saksnotat 2011/59

Vedtak:

Framlegg til saker til årsmøtet vart vedteke.

Tema for seminar vert utgreiinga om NM i folkemusikk, og organisasjonsseminar om korleis dei ulike medlemsgruppene i organisasjonen bli høyrd og teke omsyn til.

Styresak 2011/60 Prosess for utnemning av heidersmedlem

Vedlegg: Saksnotat 2011/60

Vedtak:

Framlegg til rutine for utnemning av heidersmedlem vert vedteke. Informasjon om utnemning skal sendast ut til lokallaga.

Styresak 2011/61 Status kring Riksscenen.

Vedlegg: Kort notat om Riksscenen.

Drøftingssak.

Dagleg leiar for Riksscenen vert invitert til neste styremøte for å drøfte status kring Riksscenen.

Styresak 2011/62 Eventuelt

- Kandidatar til Norsk kulturråd

  Vedtak

  - Administrasjonen tek kontakt med dei som sit i dei ulike fagutvala om dei ønskjer å halde fram.
  - Administrasjonen gjer innspel til kandidatar til sjølve kulturrådet i høve drøftinga i møtet.

- Det vert utarbeida rutine rundt utnevinga av årets lokallag og årets arrangør. Desse skal leggast fram til neste styremøte.
- Referat frå styremøta vert gjort offentleg rett etter styremøtet er godkjend
- Ein plan for Folkelarmhelga hausten 2012.